



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

24/315-

9. februar 2024

**Svar på spørsmål nr. 1152 til skriftlig besvarelse fra
stortingsrepresentant Frank Edvard Sve til samferdselsminister Jon-Ivar
Nygård**

Spørsmålet lyder:

Kan samferdselsministeren leggje fram for meg absolutt alle transaksjoner inn og ut frå Statens vegvesen ang arkeologiske utgravingar og grunnundersøkingar for prosjektet Møreaksen, som også innbefattar alle transaksjonar mellom Statens vegvesen sjølv samt deira utøvande oppdragspartnere for arkeologiske utgravingar og grunnundersøkingar, samt mellom Statens vegvesen og Aukra kommune, Kjerringsundet AS, Møreaksen AS?

Svar:

Eg viser til skrifteleg spørsmål nr. 987, 988 og 1091 frå same representant om same sak og svar på desse.

Statens vegvesen har ikkje hatt nokon avtale om arkeologiske utgravingar og grunnundersøkingar med Møreaksen AS. Eg håpar at vilkåra i avtalen med Kjerringsundet AS er tilstrekkeleg forklart i svar på spørsmåla nemnt over. Statens vegvesen har hatt ei avtale med NTNU Vitskapsmuseet om arkeologiske undersøkingar på E39 Ålesund–Molde og fylkesvegprosjektet Kjerringsundet.

Statens vegvesen har fakturert Kjerringsundet AS, ved Aukra kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune, for den delen av utgravingane som vart utført for Kjerringsundet. Oversikt over transaksjonane følgjer i tabell under og viser at Kjerringsundet AS ikkje har utbetalt forskot til Statens vegvesen.


Eg har tidlegare opplyst representanten at Statens vegvesen har dekt sin del av dei felles utgravingane på Sundsbø, eit beløp på 5. mill. kr. I tillegg har NTNU Vitskapsmuseet

gjennomført utgravingar på Nautnes og Vik. Desse utgravingane omhandlar berre E39 og er betalt i sin heilheit av Statens vegvesen. Som det kjem fram av tabellen under er det snakk om om lag 8 mill. kr.

Grunnundersøkingar har vore utført heilt sidan starten av arbeidet med planlegginga av E39 Ålesund–Molde. Arbeidet har i sin heilheit vore fakturert til og betalt av Statens vegvesen fortløpande.

Fakturadato	Betalingsdato	Leverandør/kunde	Inngående faktura	Utgående faktura	Andel Kjerringsundet AS
04.10.2021		NTNU	10 708 200		9 637 380
02.11.2021		NTNU	5 000 000		4 500 000
09.05.2022		NTNU	16 189 520		12 263 219
23.11.2022	17.01.2023	Aukra kommune		-26 400 599	
14.11.2022		NTNU	9 000 000		4 500 000
11.10.2023	10.11.2023	Møre og Romsdal fylkeskommune		-4 500 000	
25.11.2023		NTNU	3 753 871		1 876 936
22.01.2024		Møre og Romsdal fylkeskommune		-1 876 936	
Slutfaktura 2024		NTNU	3 000 000		1 500 000
Slutfaktura 2024		Møre og Romsdal fylkeskommune		-1 500 000	
Sum transaksjoner			47 651 591	-34 277 535	34 277 535

Med helsing



Jon-Ivar Nygård